



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonseptanten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: lars.mjøs@osteroyindustrielag.no
www.osteroyindustrielag.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET TYSDAG 29. MARS 2005 KL 18.30 hjå Lonevåg Beslagfabrikk AS

* Me fekk eit engasjerande foredrag med Jan Spurkeland med tittelen "Humor og ledelse".

* Mat og kaffi

* **Årsmøtet:**

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skrivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

Vedtak: Innkallinga godkjend. Møteleiar; formann Lars Magne Bysheim. Skrivar; sekretær Lars Mjøs. Underteikning av møteprotokollen; Stein Olsen og Rolf Hagebø.

2 Årsmelding og rekneskap Sjå årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg.

Vedtak: Godkjende.

3 Fastsetjing av medlemspengane. Fastsetjing av godtgjersle for styre og sekretær.

Styret gjer framlegg om justering i satsane (satsane for 2004 i parentes).

1 tilsett	700 (620) kr/år
2-4 tilsette	1.000 (935) kr/år
5-9 tilsette	1.400 (1.240) kr/år
10-14 tilsette	1.700 (1.510) kr/år
15-30 tilsette	2.500 (2.200) kr/år
31 og fleire tilsette	3.500 (3.080) kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 350 (310) kr/år

Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.

Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.

Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 35.000.

(Styringsutvalet for Industrikonseptanten drøfta i sitt møte 28.2.05 å auke godtgjersla for sekretærarbeidet som grunnlag for å søke Osterøy kommune om å auke sitt tilskott til Industrikonseptantverksemda som i fleire år har lege på og i langtidsbudsjettet ligg på kr 150.000. Dette er ikkje drøfta i styret).

Vedtak: Styret sitt framlegg godkjend med unnatak av årleg godtgjersle for sekretærarbeidet som vert kr 40.000.

4 **Budsjett.** Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

Vedtak: Budsjettet justert (medlemspengar auka til 68.000, renter til 1.000, sekretærgodtgjersle til 40.000, medlemsfest/medlemstur redusert til 15.000, overskot auka til 1.000), sjå vedlagde reviderte budsjett.

5 Eventuelle **innkomne saker.** Ingen saker.

6 Val.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Kjell Lerøy og Arne Hansen står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Kjell Rune Birkaas, Johan Solberg og Arnbjørn Vevele).

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulenten (Svein A Skulstad med Jostein Jacobsen som varamedlem står på val).

Val av revisor (Norodd Helle står på val).

Valet vart leia av formannen i valkomiteen, Jørn Jacobsen.

Vedtak: Attval av samtlege med unnatak av at Monica Solberg går inni styret som 3. vara i plassen for Arnbjørn Vevele.

Val av valnemnd (på val: Formann Jørn Jacobsen (seier frå seg attval), Astrid Tveiten og Leif Tore Solberg) .

Etter oppmoding sa Jørn Jacobsen seg villig til å sitje eitt år til.

Vedtak: Attval av valkomiteen.

7 **Årsmelding for Industrikonsulenten** (meldingssak). Sjå vedlegg.

Ingen merknader.

Skrivar: Lars Mjøs

Stein Olsen

Rolf Hagebø